



Lag og organisasjonar i Alver kommune

Dato:  
23.04.2019

## Invitasjon til å kome med innspel til rullering av idrettsplanar og utarbeiding av anleggsstrategi

I samband med bygginga av Alver kommune vert den årlege rulleringa av idrettsplanane i dei tre kommunane gjord i fellesskap i 2019. Rulleringa vil danne grunnlag for utarbeiding av ein samordna idrettsanleggsstrategi, som skal gjelde fram til ein ny idrettsplan for Alver kommune vert vedtatt.

Idrettsplanane og den samordna anleggsstrategien legg føringar for kommunen sitt arbeid med og satsing på anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø dei komande åra, og vil også vera styrande for korleis Alver kommune skal prioritere innkomne søknader om spelemidlar. Det er difor avgjerande at anlegg det skal søkjast spelemidlar for kjem med i anleggsstrategien.

Vi inviterer til innspel og kommentarar til arbeidet innan 14. mai. Det vert òg referansegruppemøte i kantina i Nordhordlandshallen 20. mai kl. 18-20.

Innspel kan merkast med «Innspel rullering idrettsplanar», og sendast til din kommune:

[postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no)

[postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no)

[postmottak@radoy.kommune.no](mailto:postmottak@radoy.kommune.no)

Du kan òg sende i post, eller levere i resepsjonen/sørvistorget på ditt rådhus.

Med helsing

Eirik B. Utne  
Kultursjef  
Meland kommune/  
Alver kommune

Eileen M. Feste  
Konst. kultursjef  
Lindås kommune

Atle Vaage  
Fagleiar idrett/grønt  
Lindås kommune

Bente K. Hervik  
Rådgjevar kultur  
Radøy kommune

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*